

Skritleg innspel etter innspelseminar
Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde - 12. april 2013

Biletkunstnarane i sogn og fjordane er ein distriktsorganisasjon under Norske Billedkunstnere og arbeider for profesjonelle biletkunstnarar i fylket sine kår og verke som kunstprodusentar.

For at biletkunstnarar skal kunne bu og verke i eigen profesjon i distrikta, treng vi gode produksjonsmiljø og ei satsing på produksjonsmidlar til biletkunstnarane. I tillegg til å sikre dei statlege stipendordningane som fins, er det viktig å oppretthalde og styrke eksisterande fylkeskommunale stipend og kommunale stipend der dei fins, samt arbeide for å opprette nye.

Noko som skil biletkunstnarar frå mange andre kunstnargrupper er at vi er sjølvstendig næringsdrivande som finansierar vår eigen arbeidsplass. Vi er ikkje direkte tilknytt ein institusjon der vi kan motta løn. Vi finansierar sjølv vår kunstproduksjon. Stipend til biletkunstnarar er i realiteten produksjonsmidlar til kunst.

Kulturtredninga 2014 føresler å fordele dagens stipendressursar på ferre kunstnarar i form av større stipend. Dette skal setje dei som får stipend betre i stand til å leve av eigen kunst.

Å auke storleiken på stipendet til dei få som får stipend - er imidlertid ikkje det same som å betre levevilkåra til desse kunstnarane. Det vil føre til auka kunstproduksjon, eller dyrare kunstproduksjon hjå desse kunstnarane.

Å fordele dagens stipendressursar på ferre hender vil verke negativt for mangfaldet i kunstproduksjonen i Noreg. Eit forslag om auke i kvart enkelt stipend må ikkje gå på bekostning av antal stipend.

Utredninga erkjenner med sitat av Solhjell og Øien at «staten ikke kan stipendiere kunstnere til bedre levestandard, bare til større kunstnerisk virksomhet». (side 186)

For å betre levekåra til biletkunstnarane må ein sjå på andre tiltak som kan verke inn på biletkunstnaren sin økonomi. NBK nemner i sitt innspel til kulturutredninga 2014 subsidiering av produksjonslokale, atelier - som eit døme på tiltak som vil ha innverknad her.

Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane
ved styreleiar Lillian Samdal